



DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Møteprotokoll for Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Tid: 15.06.2022 kl. 19:00
Stad: Kyrkjekontoret

Frammøtte:

Odd Arne Vikebakk	Leiar
Annelise Kleven Godø	Nestleiar
Cecilie Frantsen Skeide	Medlem
Karianne Sveen Orvik	Medlem
Bodil Muren Voldsund	Medlem
Lidbjørn Vattøy	Medlem
Hannelore Måseide	Medlem
Margit Lovise Holte	geistleg representant
Knut Erik Engh	kommunal representant
Hildegunn Karin Fiskerstrand	5. vara
Christfried Kaul	sekretær

Forfall:

Karete Malen Nasset	Medlem
André Sæter	1. vara

Godkjenningar:

Protokoll frå møte 18.05.22	vert å legge fram for godkjenning i møte 17.08.08.2022.
Innkalling:	godkjent
Saklista:	sak S-2022/26 skal ikkje ha framlegg til vedtak sak F-2022/29 og S-2022/30 blei teken inn i saklista

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
F-2022/23	§25	Tilsetting av kontor	212.0
F-2022/24		Rekneskap 2022 - Tertialrapport 1	133.0
F-2022/25		Møteplan hausten 2022	002.3
S-2022/26		Plassering av innsamla midlar til Ulstein nye kyrkje	411.0
S-2022/27		Vurdering av vidare drift for Byggekllossen open barnehage	335.0
S-2022/28		Rekruttering av nye frivillige medhjelparar	227.0
F-2022/29		Osnes kyrkjegard - Parkering	511.0
S-2022/30		innkomne valuta i Kyrkjeoffer 2022	317.0

Meldingar:

F013 Orientering om arbeid med omprosjektering av Ulstein nye kyrkje

I samarbeid med Conplan og Sporstøl arkitekter har Snøhetta laga to konseptskisser for Ulstein nye kyrkje. Det gjenstår kostnadsberekningane for å kunne kome i mål med arbeidet. Ein presentasjon av materiale før sommarferien er ein ikkje kome i mål med. Kyrkjeverje orienterer.

Ordføraren minner soknerådet om å vere realistiske med tanke på økonomien i prosjektet og har inntrykk av at alternativ 2 kan vere for kostbart.

På den andre sida har utkast 1 hatt løysingar som gjekk i for stor grad på bekostning av funksjonen, noko som ordføraren påpeikte da utkast 1 blei presentert i siste møte.

Det er krevjande å klare ein balansegang mellom behovet for romløysingar og kostnadene som er knytt til desse.

Det er viktig at vi først får kostnadsberekningane på bordet for begge alternativ før vi går vidare med eit utkast. Planutval for nytt kyrkjebygg treng å slutføre den prosessen og å kome med ei tilråding for arbeidet vidare med ny kyrkje.

S014 Moment frå Ope møte mellom Ulstein sokn og Ulstein KFUK-KFUM til å jobbe vidare med

Tysdag, 14.06. blir det arrangert eit ope møte mellom Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein sokn for å drøfte muligheiter for vidare utvikling av samarbeid. Dersom ein ønskjer å lage ei lengre drøfting og ei vedtakssak ut av dette bør det takast opp før forhandlingane av sakene starter.

S015 Offer i DRYPP gudstenestene

Ungdomane som lager DRYPP- gudsteneste ønskjer å velje føremål å samle inn kollekt for.

Kollekt på DRYPP er ikkje vedtatt i sokneråd, men sokneråd treng å vere orientert om det, sidan ansvar for tildeling av kollekt ligg hos soknerådet.

Dette har ungdomane valt å gi offer på DRYPP-gudstenester til:

20.03: Nødhjelp i Ukraina <https://vipps.no/hjelp-ukraina/>

24.04: Nødhjelp i Ukraina

19.06: Kirkens bymisjon

Ulsteinvik, 19.06.2022

F-SAK 2022/23 Tilsetting av kantor

UTGREIING

Vedlegg:

Utlysingstekst

Offentleg søkjarliste

Det var 5 søkjarar på engasjement som kyrkjemusikar i Ulstein.
Søknadsfrist var 15. mai 2022

VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd tilsett Peter Rødel til organist i Ulstein sokn.

F-SAK 2022/24 Rekneskap 2022 - Tertialrapport 1

UTGREIING

Vedlegg:

Ei forenkla oversikt over hovudtal i tertialrapport 1 vil bli ettersendt

Tertialrapporten skal hjelpe oss å styre økonomien med målet om å kunne halde oss til budsjettet som er vedteken for 2022. Ulstein kyrkjelege fellesråd har vedtatt eit budsjett for 2022 der ein må bruke 285.000 fondsmidlar for å balansere budsjettet. Fellesrådet vedtok følgjande bruk av fond:

Utvida sekretærstilling: kr. 115.000	disposisjonsfond (ubunden)
Underfinansiering av Trusopplæring: kr. 30.000	disposisjonsfond (ubunden)
Vidare oppgradering av kontorlokale: kr. 25.000	disp.fond inverst. kyrjekontoret (ubunden)
Kjøp av nye prosjektorer til kyrkja: kr. 50.000	Fond lydanlegg (bunden)
Finansiering av ungdomsarbeidarstilling: kr. 65.000	Fond ungdomsarbeidarstilling (bunden)

Fondsmidlane blir først teken i bruk når årsrekneskapen blir avslutta. Dermed vil tertialrapportane vise meirforbruket utan at det er balansert mot bruk av fond.

Det er mange store inntekter som kjem på seinare tidspunkt som t.d. festeavgifter, utbetaling av tilskot til diakon, kateket og trusopplæring.

På kyrkjegården har det blitt store utgifter det ikkje var budsjettert med i starten av året: reparasjon av traktorklipper, reparasjon av skada lyktestolpe, trefelling av råtne trær. Til saman kr. 66.000 Her må vi styre resten av året etter eit stramt budsjett for at kyrkjegårdsdrift ikkje går med eit meirforbruk i forhold til den kommunale tildelinga.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd tek tertialrapport 1 2022 til vitande.

HANDSAMING

VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd tek tertialrapport 1 2022 til vitande

F-SAK 2022/25 Møteplan hausten 2022

UTGREIING

Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd pleier å ha møte ein gong i månaden med ei pause i sommar. Tradisjonell møtedag er onsdag med oppstart kl. 19:00

Arbeidsutval pleier å ha møte 2 veker før soknerådsmøte / fellesrådsmøte

I samråd med semesterplanen for arbeid i Ulstein kyrkje legg administrasjonen frem følgjande forslag til møteplan for Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd for hausten 2022:

17.08.

14.09.

19.10.

16.11.

07.12.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek følgjande møteplan for Uhausten 2022:

17.08.

14.09.

19.10.

16.11.

07.12.

HANDSAMING

VEDTAK

Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek følgjande møteplan for Uhausten 2022:

17.08.

14.09.

19.10.

16.11.

07.12.

S-SAK 2022/26 Plassering av innsamla midlar til Ulstein nye kyrkje

UTGREIING

Gjennom gjevartenesta Kyrkjebyggar i vår tid har vi samla inn kr. 6.308.537 per 31.12.2021
Gjennom kyrkjekollekten og nokre andre innsamlingar har det kome inn kr. 364.065 per 31.12.2021
Fram til 01.06. har gjevartenesta Kyrkjebyggar i vår tid har vi samla inn kr. 319.931

Vi er no i ei tid med relativt høg inflasjon og stigande rentenivå. Å ha pengar plassert på bankkonto gir imidlertid framleis relativt lav avkastning, samtidig som inflasjon gjer at pengane vert «mindre verdt».

Har soknerådet mandat til – og evt korleis kan vi som sokn forvalte dei innsamla midlane slik at vi best bevarer mest mogeleg av kjøpekrafta i midlane fram til vi skal bruke dei til ny kyrkje?

Å la midlane stå på bankkonto er relativt trygt. Men trass i eit stigande rentenivå, kan vi ikkje vente den store avkastninga her.

Eit alternativ kan vere å plassere midlane i fond som er likvide, men med noko risiko for både det innsamla beløpet og avkastninga, men som over tid har gitt litt høgare avkastning enn bankkonto. Då må imidlertid soknet ver inneforstått med ein betydeleg større risiko enn ved å ha pengane på konto.

Midlane som er kome inn gjennom kyrkjekollekten er ubundne fond som vi bør ha ståande som midlar å bruke til kampanjer, arbeid med innsamling og eventuelle underprosjekt som ikkje kyrkjebyggemidlar kan barukast på.

Økonomiutvalet ynskjer å drøfte med soknerådet korleis vi best kan forvalte innsamla midlar til ny kyrkje og samtidig halde oss innanfor mandatet for bruk av midlane.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Det blei ikkje lagt fram forslag til vedtak i saka

HANDSAMING

Ordføraren viser til økonomi- og investeringsreglement for å finne nokre retningslinjer for ein hensiktmessig plassering av pengane

Økonomiutvalget er bedt om følgjande :

- kva er vi forplikta til overfor gjevarane
- viktig å vere klar over risikoen
- viktig å sjekke etiske retningslinjer for fond eller andre måter å investere pengane i
- utarbeide eit finansregelement for investeringar

VEDTAK

Soknerådet ber økonomiutvalet å utarbeide eit finansreglement og arbeider fram nokre modellar korleis investeringane av pengar kan sjå ut, og kjem attende til sokneråd med dette.

S-SAK 2022/27 Vurdering av vidare drift for Byggeklossen open barnehage

UTGREIING

Byggeklossen open barnehage er eit barnehagetilbod der borna med ein føresett kan delta i fellesskap med andre born og foreldre. Det er pedagogisk tilbod med forming, samlingsstund og felles lunsj. Det er ingen faste barnehageplassar i Byggeklossen open barnehage. Ein kan kome utan påmelding. Byggeklossen open barnehage er det einaste tilbodet av denne typen i Ulstein kommune.

Som alle andre barnehagar skal også Byggeklossen open barnehage ha fagtilsette for å drive tilbodet. Byggeklossen open barnehage har per i dag ingen fast tilsett pedagog, men vikarar som får fagleg rettleiing av andre pedagogiske medarbeidarar i kyrkjelyden.

Etter at Ulstein kommune har fått full barnehagedekning har brukartalet gått ned. Også nedlegging av asylmottaket har ført til at det er færre som har brukt tilbodet. To år med korona har satt sitt preg på oppmøtetal i barnehagen og oppsvingen vi hadde håp om etter at smittevernsrestriksjonane vart avvikla har ikkje kome.

Byggeklossen open barnehage har opningstid kvar tysdag 09:00 - 15:00 i skuletida. Dei fleste born etter spedbarnsfasen i kommunen har fått plass i vanlege barnehagar og dermed har ei stor målgruppe ikkje høve til å delta. Dersom Ulstein kyrkje ønskjer å satse på småbarnsfamiliar treng ein å evaluere tidspunktet og organisasjonsform for tilbodet.

Byggeklossen open barnehage får barnehagetilskot etter gjennomsnittleg oppmøtetal frå semesteret før. Med tilskotet blir betalt husleige på Fredheim, lønsmidlar til den som driver tilbodet, reinhald og kjøp av ped. materiale. Med oppmøtetal vi hadde dei siste 3 år har drift av barnehagen ikkje vore økonomisk forsvarleg.

Dersom ein legger ned tilbodet vil soknet ikkje lenger få utbetalt barnehagetilskot frå kommunen. Dermed vil grunnlag for løn til pedagogisk leiar / vikar falle bort, men også lønskostnader til reinhald måtte bli reduserte. Soknet vil også måtte avslutte leigeforhold med lokale til barnehagedrift.

Soknerådet bør vurdere om ein ønskjer å halde fram med tilbodet - både ut frå soknerådet sine satsingsområde og frå økonomiske aspekt.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir fremja utan framlegg til vedtak

HANDSAMING

Ordførar foreslår å drøfte ei grunnfinansiering med kommunen for eit tilbod som er meir føreseieleg og betre tilpassa for gruppen som soknet ønskjer å nå med sine tilbod. Kanskje ein kan få til eit vedtak om ei fast tildeling på eit passeleg beløp

Vi bør gi oss tid ut året for å prøve nye måter å drive barnehagen på for å treffe betre målgruppa.

Saka om vidare drift skal takast opp i samband med budsjett for 2023 igjen.

VEDTAK

Ulstein sokneråd vedtek at Byggeklossen open barnehage skal halde fram i haustsemesteret. Ulstein sokneråd tek ei ny vurdering av vidare drift i samband med budsjett for 2023.

S-SAK 2022/28 Rekruttering av nye frivillige medhjelparar

UTGREIING

Kyrkjelydsarbeidet lever av frivillig engasjement. Det gjeld gudsteneste, diakonien, trusopplæring, konfirmantarbeid, barne- og ungdomsarbeid og kyrkjemusikkarbeid.

Det er eit ønskje om å engasjere fleire, og særleg fleire yngre frivillige som medhjelparar i gudstenestearbeid, og før vi lager ei liste for haustsemesteret ønskjer vi å gjere avtale med fleire til å kunne bidra.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan innstilling til vedtak.

HANDSAMING

Saka handler førdt og fremst om å rekruttere fleire medhjelparar / kyrkjevertar til gudstenestene.

VEDTAK

Ulstein sokneråd gir Annelise Kleven Godø og Bodil Muren Voldsund i oppdrag å utfordre fleire til å kunne vere medhjelparar.

F-SAK 2022/29 Osnes kyrkjegard - Parkering

UTGREIING

Vedlegg

kartutsnitt med 3 alternativ for HC- parkeringsplasser

Det har kome spørsmål til teknisk etat frå brukarane av kyrkjegården om ikkje det var mogleg å merke nokre av parkeringsplasser knytt til Osnes kyrkjegard som HC- plasser. Det er soknet som eig arealet og kan vedta regulering for parkering.

Med mange besøkjande på kyrkjegarden som er eldre er dette eit reelt behov og vi som driv kyrkjegården bør legge til rette for gode adkomstforhold.

Teknisk etat har foreslått 3 ulike plasseringar for HC- parkeringsplass på Osnes. Kyrkjevevja vurderer alternativ 1 som det beste, men ønskjer også å legge frem muligheita for å merke 2 HC plasser på alternativ 1 og 2.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjeleg fellesråd vedtek at eit areal 1 blir sett av og merka som KC- parkeringsplass.

HANDSAMING

Behovet for tilrettelagte parkeringsplasser er store nok til at det bør vere 2 parkeringsplasser. Igangsetting av merking bør gjerast i samarbeid med teknisk etat.

VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek at det skal merkast 2 parkeringsplasser som er tilrettelagt HC- parkering. Bestilling av merking skal skje omgåande og i avtale med teknisk etat frå Ulstein kommune.

S-SAK 2022/30 innkomne valuta i Kyrkjeoffer 2022

UTGREIING

Det skjer av og til at det blir levert utanlandske valuta i kollekt. Stort sett handlar det om Euro. Desse blir samla separat. Over ei lengre tid har det samla seg 87,85€

Soknerådet bør bestemme seg kva desse skal gå til.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan innstilling til vedtak.

HANDSAMING

Det er foreslått at desse valuta- beløp skal bli gitt til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.

VEDTAK

Ulstein sokneråd vedtek at dei oppsamla valutabeløp skla bli gitt til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.